

Festidagen ei allsidig oppleving

30.07.2015



Heile filmteamet nede for teljing!

Idag har det vore Festidagen og vi har opplevd den som svært allsidig både med omsyn til tema og alder. Kva det siste angår var til dømes dei yngste og dei eldste i filmkurset svært unge og relativt gamle, for ikkje å fornærme nokon. Gudrun Karina Arntsen hadde 17 elevar og det var imponerande, like imponerande som iveren til å lære i den korte stunda uskedalen.no var innom bobla dei unge og gamle av talent og vilje til å improvisera og la manuskriptet verta kjøtt og blod. Det ligg an til ei stor oppleving når premiera går laurdag.



Dette er parkour!

Dei meir fysisk prega gruppene hadde ikkje så stor oppslutnad og det vart dverre ikkje nokon avisgruppa dette året. Men vi registrerte at Gareth Whittacker hadde godt tak på dei 7 som stilte opp i parkour, ein rørsleidrett som har som mål å ta seg fram på ein så effektiv måte som mogeleg og berre ved hjelp av eigen kropp. Det er ei krevjande oppgåve.



Oppvarminga er viktig

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen